



Styringsgruppa

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3741 - 18/24773

Saksbehandlar:

Arne Eikefet

Arne.Eikefet@lindas.kommune.no

Dato:

20.08.2018

Byvekstavtale - referat frå styringsgruppemøte 06.08.2018

Dato: Måndag 06.08.2018

Stad : Lindås kommune, Rådhuset

Tilstades:

Astrid Aarhus Byrknes

Jon Askeland

Øyvind Oddekalv

Nina Bognøy

Nils Marton Aadland

Anna Valle

Dag Mikal Hugaas

Sveinung Toft

Leif Sleire

Odd Leif Mjøs

Nina Stabell Øvrås

Bjarte Vatnøy

Karl Vågstøl

Ørjan Raknes Forthun

Hogne Haugsdal

Arne Eikefet

Ikkje tilstades:

Jarle Vassdal

Som regionsenterkommune er Lindås kommune kalla inn til forhandling om byvekstavtale den 24.08.2018. Styringsgruppa var kalla inn for å legge grunnlaget for forhandlingane.

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes innleidde om invitasjonen og om bakgrunnen for det komande møtet den 24.08.2018 om byvekstavgifter for regionsenterkommunane rundt Bergen. Det har vore noko sprikande informasjon om korleis dette møtet og den vidare prosessen vil bli organisert.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Det som likevel er klart er at Staten vil krevje styring med arealpolitikken i Lindås/Alver for å redusere den framtidige biltrafikken inn mot Bergen.

Som kompensasjon vil staten yte tilskot til tiltak som støttar opp under dette. Omfanget av slik støtte er pr i dag ukjent.

Ut frå denne noko uklare plattformen vart det så vidare ein diskusjon rundt bordet om korleis Lindås, Meland og Radøy skal posisjonere seg og kva tema ein vil ta opp i forhandlingane.

I tillegg gav Arne Eikefet ein kort presentasjon av mogeleg prosjekt med fjellhall og tilhøyrande innfartsparkering i Knarvik

KONKLUSJONAR

Hovudtiltak i forhandlingane

- Innfartsparkering/fjellhall Knarvik
- Nordhordlandstunnel
- Innfartsparkering Meland/Flatøy
- Auka kollektivkapasitet båt/buss
- Utbedre Hagelsundsbru med G/S-veg
- Ringbuss/matebuss
- Desentralisert innfartsparkering

Tellepunkt for framtidig biltrafikkutvikling

Forutsettast på Nordhordlandsbrua. Næringstrafikk, kollektiv og gjennomgangstrafikk må haldast utanfor.

RATP og RTP

Det er ein føresetnad om at punkta her om arealutvikling og biltrafikken i dei ytre område i regionen står ved lag.

Representasjon i møtet den 24.08.18

Astrid Aarhus Byrknes
Øyvind Oddekalv
Nina Bognøy
Karl Vågstøl
Ørjan Raknes Forthun
Hogne Haugsdal

Presentasjon

Administrasjonen ved Hogne Haugsdal lagar til ein presentasjon til byvekstmøtet den 24.08.2018 der hovudtiltaka vert presentert og utdjupa.

Nytt møte i styringsgruppa:

30.08.2018 klokka 16 eller 17, - etter nærare innkalling

Med helsing

Arne Eikefet
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Styringsgruppa